



# NOREGS HØGSTERETT

Den 28. juli 2017 vart det av Høgsteretts ankeutval med dommarane Utgård, Normann og Bergh i

**HR-2017-1490-U, (sak nr. 2017/1067), sivil sak, anke over orskurd:**

NTE Energi AS

(advokat Helge Morten Svarva)

mot

Jann Arthur Sandvik

(advokat Tine Larsen)

sagt slik

## O R S K U R D :

- (1) Saka gjeld spørsmål ved tvangsfullføring av vedtak etter skjønnsprosesslova § 55, jf. oreigningslova § 25 om førehandstiltrede av grunn i eit tilfelle der eksproprianten allereie har teke grunnen i bruk utan heimel.
- (2) Nord-Trøndelag Elektrisitetsverk (i dag NTE Energi AS) fekk i 1948 konsesjon for regulering av Namsvatnet i Røyrvik kommune og bygde då ein dam på eigedommen gnr. 74 bnr. 24. I 2005 påla Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) NTE å utbetre dammen. Fylkesmannen i Nord-Trøndelag gjorde 23. januar 2015 vedtak om løyve til ekspropriasjon og førehandstiltrede for bygging av ein ny dam på eigedommane gnr. 74 bnr. 24 og gnr. 74 bnr. 11. Grunneigar Jann A. Sandvik klaga over vedtaket. Olje- og energidepartementet opprettheldt vedtaket 5. mai 2015. NTE starta arbeid på eigedommen 6. mai 2015 utan tvangsfullføring etter skjønnsprosesslova § 55.
- (3) Først 16. juni 2015 sette NTE fram kravsmål for namsmannen om tvangsfråviking av det eksproprierte. Den 1. juli 2015 sette NVE fram kravsmål om skjønn mot Sandvik og to andre. Sandvik kom med innvendingar mot kravet om tvangsfråviking, men namsmannen tok kravet til følgje i avgjerd 31. juli 2015. Sandvik klaga til Namdal tingrett over avgjerda. NTE påsto klagen avvist. Ved Namdal tingretts orskurd 30. november 2015 vart klagen ikkje teken til følgje. Tingretten la til grunn at tvangsfullføringa måtte reknast avslutta ved at namsmannen gjorde vedtak om fråviking, og at det derfor ikkje var høve til vidare klage.
- (4) Etter anke gav Frostating lagmannsrett 26. mai 2016 orskurd der tingrettens orskurd vart oppheva. Lagmannsretten kom til at namsmannens vedtak kunne overprøvast ved klage til tingretten, jf. tvangsfullføringslova § 5-16 første ledd. Anke over denne avgjerda vart forkasta

ved Høgsteretts ankeutvals orskurd 29. august 2016.

- (5) Saken vart behandla på ny i Namdal tingrett som gav orskurd 28. november 2016 med slik slutning:
- "1. Begjæring om tvangsfravikelse tas ikke til følge.
  2. NTE Energi AS betaler 171 875 – etthundreogsyttientusenåttehundreogsyttifem – kroner i sakskostnader til Jann A. Sandvik innen 2 – to – uker etter forkynning av denne kjennelsen."
- (6) Tingretten kom til at NTEs tiltrede av eiedommen var ulovleg. Vidare kom tingretten til at tvangsfullføring etter skjønnsprosesslova § 55 ikkje kunne givast når tiltrede i praksis hadde funne stad. Tingretten viste til at det ikkje lenger var noko å fullføre når tiltrede hadde funne stad ved ulovleg sjølvtekt.
- (7) NTE anka til Frostating lagmannsrett, som 7. mars 2017 gav orskurd med slik slutning:
- "1. Fullbyrdelsen nektes fremmet.
  2. Anken over tingrettens kjennelse slutningens punkt 2 forkastes.
  3. I sakskostnader for lagmannsretten betaler Nord-Trøndelag Energi AS til Jann Arthur Sandvik 30 000 – tredvetusen – kroner innen 2 – to – uker fra forkynnelse av kjennelsen."
- (8) Lagmannsretten slutta seg til tingrettens avgjerd og viste dessutan særleg til at når eiedommen faktisk er teken i bruk for ekspropriasjonsføremålet, er det ikkje behov for tvangsfullføring.
- (9) NTE har anka lagmannsrettens orskurd til Høgsterett. Anken gjeld lagmannsrettens generelle lovforståing, subsidiært saksbehandlinda. Det er særleg halde fram at lagmannsrettens syn ikkje er knytt verken til skjønnsprosesslova § 55 eller nokon av føresegnene i tvangsfullføringslova. Eksproprianten kan ha eit reelt behov for å krevje tvangsfullføring sjølv om eiedommen fysisk er teken i bruk. Premissane i Rt-1975-965 taler også for at det er slikt høve.
- (10) Subsidiært er det halde fram at lagmannsrettens avgjerd lir av saksbehandlingsfeil.
- (11) NTE har bede om at Høgsterett tek stilling til realiteten i saka.
- (12) Det er sett fram slik påstand:
- "Prinsipalt:**
1. NTE Energi AS settes i besittelse av de rettigheter som Olje- og energidepartementet i vedtak av 5. mai 2015 har gitt samtykke til forhåndstiltredelse av.
  2. NTE Energi AS tilkjennes sakskostnader for tingrett, lagmannsrett og Høyesterett.

**Subsidiært:**

1. **Frostating lagmannsretts kjennelse 7. mars 2017 i sak 17-015006ASK-FROS oppheves.**
2. **NTE Energi AS tilkjennes saksomkostninger for Høyesterett."**

(13) Sandvik har teke til motmæle og halde fram at lagmannsrettens lovforståing er korrekt og at grunngevinga er tilstrekkeleg.

(14) Framgangsmåten i tvangsfullføringslova er ufråvikeleg, og ein ekspropriant kan ikkje velje å verksetje arbeid utan å gå vegen om namsmannen for tvangsfullføring. Når det ikkje blir gjort, går retten til førehandstiltrede etter tvangsfullføringslova tapt.

(15) Avgjerdsgrunnane hos lagmannsretten er tilstrekkelege.

(16) Det er sett fram slik påstand:

- "1. **Anken forkastes.**
2. **Jann Arthur Sandvik tilkjennes saksomkostninger for Høyesterett."**

(17) *Høgsteretts ankeutval* viser til at det er tale om prøving av ein vidare anke, og at utvalet då har avgrensa kompetanse. Anken gjeld lagmannsrettens saksbehandling og generelle lovforståing. Dette kan utvalet prøve, jf. tvistelova § 30-6 b og c.

(18) Eit samtykke til førehandstiltrede etter oreigningslova § 25 gir ikkje i seg sjølv høve til å verksetje tiltaket. Men eit slikt vedtak er eit særleg tvangsgrunnlag i medhald av skjønnsprosesslova § 55, der det heiter:

**"Når den ekspropriasjonsberettigede i henhold til særskilt lovbestemmelse kan kreve å bli satt i besittelse av tingen før erstatningen er bestemt, er fravikelseskravet særlig tvangsgrunnlag for fullbyrding gjennom namsmyndighetene etter tvangsfullbyrdsloven kapittel 13."**

(19) Lagmannsretten har lagt til grunn at det ikkje er høve til tvangsfullføring når eksproprianten har teke eigedommen i bruk utan å gå vegen om tvangsfullføring. Standpunktet er ikkje knytt direkte opp til tolking av noka tilvist lovføresegn, men synest byggje på systemet i lova. Utvalet kan prøve dette som ein del av prøvinga av den generelle lovforståinga, jf. Schei mfl., *Tvisteloven kommentarutgave, 2013, side 1087 med vidare tilvisingar.*

(20) Utvalet kan ikkje sjå at lagmannsretten har forstått lovverket sett i samanheng korrekt, og avgjerda må då opphevast grunna feil lovforståing.

(21) Ein ekspropriant har, både ved førehandstiltrede og ved tiltrede etter rettskraftig skjønn, bruk for å få både faktisk og rettsleg rådvelde over det som skal bli eller er ekspropriert, jf. her også HR-2016-1816-U avsnitt 17. I denne avgjerda er det vist til Rt-1975-965, der hovudspørsmålet var om det var høve til å tiltre på førehand der det var spørsmål om ekspropriasjonen var lovleg. I avgjerda heiter det:

**"Videre finner utvalget at tvangsforretning etter skjønnlovens § 55 også kan fremmes for å skaffe eksproprianten den juridiske rådighet over ekspropriasjonsgjenstanden i tilfelle hvor eksproprianten allerede på forhånd har den fysiske rådighet."**

- (22) Utvalet legg til grunn at tvangsfullføringslova \* skjønnsprosesslova § 55, jf. ervervslova § 25, må forståast slik at det er høve til å gi førehandstiltrede også der eksproprianten reint faktisk har teke grunn eller rettar i bruk før namsmannen skal gi over råderetten, utan omsyn til om eksproprianten då sit med arealet eller retten utan lovleg heimel. Om det skulle vere unntak for uheimla disponering, måtte det ha grunnlag i lovteksten.
- (23) Grunneigaren kan eventuelt fremje økonomiske krav mot eksproprianten bygd på det som skjedde i den perioden denne hadde teke grunn eller rettar i bruk utan lovleg heimel. Det er ikkje naturleg for utvalet i denne saka å gå nærare inn på kompensasjonsspørsmålet.
- (24) Utvalet viser også til at Sandvik tidlegare har fått medhald i at klageretten er i behald, jf. Frostating lagmannsretts orskurd 26. mai 2016. Anke over avgjerda vart forkasta av Høgsteretts ankeutval 29. august 2016.
- (25) Sandvik har såleis krav på å få prøvd sine innvendingar mot namsmannen si avgjerd. Om det er ytterlegare innvendingar som skal prøvast, må lagmannsretten ta stilling til ved ny behandling. Av denne grunnen går utvalet ikkje inn på spørsmålet om orskurd med realitetsavgjerd, slik NTE prinsipalt har sett fram påstand om.
- (26) Ut frå det utvalet har kome til så langt, treng utvalet ikkje seie noko om NTE sine innvendingar mot avgjerdsgrunnane.
- (27) Påstanden om oppheving av lagmannsrettens orskurd blir etter dette teken til følge. Anken har då i det hovudsaklege ført fram. Utvalet er kome til at det ligg føre tungtvegande grunnar for at NTE likevel ikkje bør tilkjennast sakskostnader for Høgsterett, jf. tvistelova § 20-2 tredje ledd. NTE kan lastast for at arbeidet på eigedommen vart sett i verk utan å syte for lovleg tilgang ved avtale eller ved tvangsfullføring etter skjønnsprosesslova § 55. Det er denne handlemåten som har ført til at spørsmålet som Høgsterett no avgjer, har oppstått.
- (28) Orskurden er samrøystes.

## S L U T N I N G :

1. Lagmannsrettens orskurd blir oppheva.
2. Sakskostnader for Høgsterett blir ikkje tilkjende.

Kristin Normann  
(sign.)

Karl Arne Utgård  
(sign.)

Espen Bergh  
(sign.)

\* Retta 5. august 2017 i medhald av tvistelova § 19-8.

Karl Arne Utgård  
(sign.)

Riktig utskrift: